

Fra: Hogne Jarle Straume <hognestraume@gmail.com>
Sendt: 8. september 2014 09:04
Til: Postmottak Radøy
Emne: Ber om att denne vert vidaresendt til Toril Mulen og Øyvind Hattledid

Her er ei oppsummering av det me snakka om i førre veka om den kommunale vegen til Åsheim på Straume.

For gardsdrifta på Straume og for uttransport av tømmer er det viktig med samanknytning av den private skogsbilvegen og det øvrige offentlege vegnett med ein kommuneveg som kan køyrast utan å måtta redusera lasta eller spretta ifrå tilhengjaren. For tømmer innebær det reduksjon i oppgjæret. Det gjer skogen som etterkvart veks til i området, mindre drivverdig. Åsheimvegen er transportveg for mykje av grovforarealet til den fjerde største storfebonden på Radøy.

Den kommunale vegen er i dag BK 6. Han vart byggd på slutten av 60 talet, som jordbruksveg fram til bureisingsbruka Hesthovden og Åsheim. Han vart og tiltenkt som utgangspunkt for vinter-traktorvegar i Skogen på Straume. Då vegen var ferdig, overtok kommunen han.

Heilt sidan Skaråsvegen vart planlagd, har det vore ein lovnad, at det skulle verta 10t. veg heilt ut til hovudvegen. Det vart planlagd og når Skaråsvegen var ferdig, hadde komme duk og geonett på plass på Åsheim. Det vart trekk inn att, etter avgjær, frå dåverande kommuneingeniør Pedersen. Så nokre å seinare nytta fylkeslandbrukskontoret seg av jordskifteretten, til å ekspropiera vegrett til Skaråsmyra på Soltveit, inn på skogsvegane til Straume og ut på vegen på Åsheim. Det var altså mot oppsitjarane på Straume sin vilje. Skaråsmyra vart så seld til Andre Michelsen som nyttar ho til juletreproduksjon. No i høve kraftlina til Kolsnes, kom det opp at som ein avbøtande tiltak, og som ein generell grunnerstatning til alle oppsitjarane på Straume, i høve at me fekk denne lina over oss over dyrka mark og i nærføring til eit tun. Eit anna alternativ gjekk i utmark over Austrheim. Det var delvis, eit resultat av ein ikkje heilt vellukka taktikk frå politikkarane i Nordhordland. Dei låste seg på kravet om kabling.

Åsheimvegen har 6t. akslingstrykk, er ein lang smal veg utan møteplassar, med svake kantar, dårlege stikkrenner og drenering. Han ligg over myrar med eit tynt bærelag og utan duk eller geonett. Det skal ikkje så mykje til spesielt i nedbørsrike periodar, for at han får skadar.

Ved ei opprusting før anleggsdrifta byrjar unngår ein skadar på dreneringa frå den dyrka marka som går under vegen og ein unngår at transport av husdyrgjødsel og for vert hindra dersom vegen er dårleg i periodar.

Dersom han vert rusta opp før ein tek til med skogrydding, vil skogsentreprenøren sjå seg nytte i meir av virket og ta det med seg ut av skogen, til full oppgjærpris. For oss er det ikkje ynskjeleg at det ligg så mykje tømmer att i terrenget. Det er dårleg ressursutnytting og det ser ikkje fint ut dei fyrste åra.

Det er viktig for regulariteten og framdrifta for dei entreprenørane som får kontraktar av BKK med teneleg veg som ikkje gjev heft og plunder, i anleggstida. Bilar kan gå utføre eller køyra seg fast. Det kan kosta mykje både tid og pengar.

Ved ei opprusting no, får ein høve til å ta "reklamasjonar" på vegen etterpå, når han er grundig prøvd, og sett seg. Og kommunen får ein god og lettstelt veg for all framtid

Det er ein del gangtrafikk på vegen, dette er ikkje nødvendig gongtrafikk, men turgåarar.

Som grunneigarar og kjende i terrenget ser me det særst viktig å gje tid og merksemd for drenering og grøftar som kan vera tenelege for framtida både for det dyrka og det dyrkbare arealet som er langs med

vegen. Avkøyslar, møteplassar og tilkomst frå arealet langs vegen, plassering som både høver for gardsdrifta og trafikken.

De nemnde at BKK kunne starta skogryddinga på Radøy ein annan stad enn Straume.

Landbrukskontoret på Radøy som bør ha innsyn og godkjenning av planane, særleg med omsyn til drenering og grøftar. Dei bør få referat frå møtet.

Me må snakkast litt om kva som trengs av avtalar med grunneigarane langs Åsheimvegen, om masseuttak hjå meg, om massane som me skal få til forsterking av vintervegane nede i Saltvikskogen og kanskje strandlina.